



Geodataplan Vestland fylke 2026-2029

Vedteke 18. desember 2025



Utvikjellet, på overgangen mellom Gloppen og Stryn. Foto: Olav Håvik, Kartverket

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Nasjonale mål	3
3.	Rammer	4
4.	Noreg digitalt og Geovekst	4
4.1	Noreg digitalt-samarbeidet	4
4.2	Geovekst	4
4.3	Andre relevante samarbeid i fylket	5
5.	Samfunnsområde	5
5.1	Samfunnssikkerheit og beredskap (SB)	5
5.2	Klima, miljø og naturforvaltning (KMN)	6
5.3	Kommune – og distriktsutvikling (KD)	8
5.4	Samferdsel (S)	9
5.5	Innovasjon og næringsutvikling (IN)	9
6.	Hovudmål for Noreg digitalt- og Geovekst –samarbeidet i fylket	11
7.	Geovekst kartleggingsplan	15

1. Innleiing

Fylkesgeodataplanen set retning for og prioriterer satsinga på arbeid med geografisk informasjon (heretter kalla geodata) i fylket. Aktivitetane i planen bidrar til gevinstar på felles nasjonale prioriteringar og lokale brukarbehov. Den handlar om tiltak dei lokale partane samarbeider om eller planlegg å samarbeide om i Vestland fylke.

I ei tid med aukande geopolitiske og klimatiske utfordringar blir pålitelege kartdata stadig viktigare for både sikkerheit og beredskap. Dei stadige endringane i den sikkerheitspolitiske situasjonen og klimaendringane som fører til meir ekstremvær og gjerne påfølgande naturkatastrofar, har vist kor sårbart samfunnet vårt kan vere. For å kunne handtere slike utfordringar på ein effektiv måte, er vi avhengige av gode geodata. Det kan vere krevjande fordi geodatainfrastrukturen er lite synleg og ofte vert tatt for gitt.

Gode geodata er avgjerande for effektiv planlegging, beredskap og krisehandtering, både for offentleg og privat sektor. Utan eit oppdatert og presist datagrunnlag er det vanskeleg å bygge trygge bustadar og vegar, hjelpe naudetatane til å finne fram raskt, å sikre infrastruktur mot sabotasje, eller forstå korleis havnivået langs kysten vår utviklar seg. Offentlege etatar og privat næringsliv som skal bygge og trygge landet må ha tilgang til dei geodata dei treng for å gjere jobben sin.

Geodata er og av stor betydning for økonomien til privat næringsliv og privatpersonar. Bankane bruker geodata om eigedom og eigedomsgrenser for å vurdere sikkerheita ved bustadlån, og kommunane er avhengige av geodata for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane.

Formålet med fylkesgeodataplanen er å bidra til

- at etablering, oppdatering, forvaltning og distribusjon av data gjerast på ein effektiv og føremålstenleg måte
- visse rundt status på geodata i regionen og kompetanse om kva datasett/område det er viktig å rette en ekstra innsats mot/satse på i planperioden
- å auke merksemda til geodataområdet i regionen
- auka bruk av geodata
- å skape ei brei forankring av fagområdet blant partane i samarbeidet

Informasjon om organisering og mandat av arbeidet knytt opp mot fylkesgeotataplanen finst [her](#).

2. Nasjonale mål

Nasjonale mål for geodata-samarbeida i planperioden

Geodata skal bidra til godt kunnskapsgrunnlag for effektive avgjerdsprosessar. Geodata skal vere lett tilgjengelege og brukarvenlege, i tillegg til godt dokumenterte, oppdaterte og med kjent nøyaktigheit og detaljnivå.

Det fordrar tydelege rammer, standardar og tekniske løysningar for sikker og effektiv deling av data mellom forvaltningsnivåa og relevante aktørar. Staten har ansvar for å samordne og koordinere på nasjonalt nivå. Regionale og lokale aktørar må ha arbeidsprosessar, riktige verktøy, nok ressursar og kunnskap for å forvalte og bruke geografiske data i planlegging, tenester og beredskap.

Dette summerast opp i fire mål:

1. **Geodata skal vere lett tilgjengelege og brukarvennlege**
2. **Geodata skal vere oppdaterte med dokumentert nøyaktigheit og detaljnivå**
3. **Avklarte roller for samhandling og datadeling mellom forvaltningsnivåa**
4. **Berekraftig geodataforvaltning gjennom nasjonale fellesløyningar**

3. Rammer

I arbeidet med geodata må ein halde seg til ramane i form av lover, nasjonale strategiar og nasjonale satsingar. FN sine berekraftmål vil og kunne kome inn i enkelte prosjekt.

Dei mest relevante rammebetingelsane er geodataloven, matrikkelloven, plan og bygningsloven.

I Vestland fylke er det og regionale rammebetingelsar fylkesgeodaplanen må knytast opp mot. Dette er fylkesplanar, økonomi, regionale strategiar og regionale satsingar frå fylkeskommune, Statsforvalter og andre.

4. Noreg digitalt og Geovekst

4.1 Noreg digitalt-samarbeidet

Offentlege etatar i Noreg er forplikta til å dele geodata gjennom geodataloven. Noreg digitalt er samarbeidet som er oppretta for at partane skal oppfylle si plikt til denne delinga og Geonorge.no er tenestekatalogen som blir nytta. Elles blir det vist til informasjon om Noreg digitalt:

<https://www.kartverket.no/geodataarbeid/Noreg-digitalt>

Organisering av Noreg digitalt i Vestland fylke finst [her](#). Vi har eit aktivt fylkesgeodatautval, og underutval for basis geodata, og for plan- og temadata.

Dei årlege møta i Noreg digitalt-samarbeidet vert gjennomførde i perioden mars-mai kvart år. Same møte vert halde i seks ulike regionar, for å sikre kortast mogeleg reiseveg for partane og stor deltaking.

4.2 Geovekst

Geovekst er eit økonomisk og fagleg samarbeid om kartlegging og vedlikehald av detaljerte geodata.

Deltakande partar er Kartverket, kommunane, fylkeskommunane, Statens vegvesen, NVE, Bane NOR, Fornybar Norge (på vegne av netteigarane), Telenor, og NIBIO (representert ved Statsforvaltaren si landbruksavdeling). Utover desse nasjonale partane kan det og vere lokale partar som for eksempel Forsvarsbygg, Nye Vegar eller Avinor.

Alle kommunar, med unntak av Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, er partar i Geovekst.

Du finn meir informasjon om Geovekst på nettsida:

<https://www.kartverket.no/geodataarbeid/geovekst>

<https://www.kartverket.no/geodataarbeid/geovekst/veiledningsmateriell-geovekst#196654>

4.3 Andre relevante samarbeid i fylket

Vestland har fleire samarbeid som innverkar på geodataarbeidet i fylket. Døme er Nordfjordrådet, Sogn regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS. Fylket har og IT-samarbeid som til dømes Nordhordland digitalt. I tillegg er Friluftsråda i fylket viktige samarbeidspartar.

Bergen kommune er ikkje part i Geovekst, men har eit liknande samarbeidsforum som heiter Grunnkart Bergen. Her deltek mange av dei vanlege Geovekspartane, og samarbeider om kartlegging av Bergen.

5. Samfunnsområde

Samordningsgruppa i Noreg digitalt har definert fem samfunnsområde for kommunikasjon rundt geodata. Desse samfunnsområda er difor brukt vidare i dokumentet og til å plassere hovudmåla. Handlingsplanen viser korleis aktiviteten i fylket blir knytt til hovudmåla.

Geodata er eit viktig bidrag inn i et felles nasjonalt kunnskapsgrunnlag. Det er viktig for demokratiet at avgjerdsgrunnlaget er ope og transparent. Dei som blir rørt av ei avgjerd skal ha tilgang til dei same oppdaterte kartdata som avgjerdstakaren.

Datagrunnlaget bidrar til å løyse samfunnsutfordringar og utviklast i tråd med brukarbehov.

Behova i fem utvalde samfunnsområde dannar bakteppet for aktivitetane i denne planen.

Enkelte geodata høyrer naturleg inn under fleire samfunnsområde.

5.1 Samfunnssikkerheit og beredskap (SB)

Geodata bidrar til å redde liv og å beskytte viktige verdier i samfunnet. Det er både i myndighetene og befolkninga sine interesse at geodata er oppdatert og tilgjengeleg. Samtidig er det viktig å ivareta føresegnene etter sikkerhetslova og sørge for eit forsvarleg sikkerheitsnivå for skjermingsverdige verdier.

Å vite kor kritisk infrastruktur og andre objekt finst, er avgjerande for nasjonal sikkerheit og beredskap. Når ekstreme hendingar treff, oppstår eit akutt behov for ei felles kjelde til dei same tilgjengelege og oppdaterte karta og temadataa i sanntid.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal styrke førebygging, krisehandtering og gjenoppretting ved uønskt hendingar og naturkatastrofar. Avgjerdstakarar må ha tilgang til oppdaterte data og nødvendige ressursar for å bruke geodata i operative beredskaps- og krisesituasjonar.

Samfunnssikkerheit og beredskap i Vestland

I åra som kjem vil Vestland fylke stå overfor aukande utfordringar knytte til klimaendringar, naturfare og kritisk infrastruktur. Ein må også vere førebudd på hendingar som sabotasje, dataangrep, eller tryggleikpolitisk krise. For å møte desse utfordringane treng kommunar, statlege etatar og beredskapsaktørar eit tettare og meir systematisk samarbeid om geodata. Samtidig vil det vere ei nasjonal oppgåve, til dømes via Geovekstforum, å sjå på kva data som kan delast og kva som må skjermast, i lys av dagens geopolitiske situasjon.

Eit robust beredskapsarbeid krev at alle aktørar har tilgang til dei same, oppdaterte datasetta. Det gjeld spesielt høgde- og terrengmodellar, grunnkart, eigedomsdata, adressering og infrastrukturdata. Ein samordna innsats for å halde desse datakjeldene kontinuerleg ved like vil gjere det lettare å planleggje, vurdere risiko og gjennomføre redningsarbeid. For at geodata skal vere nyttige på tvers av beredskapsorganisasjonar, må dei også vere kvalitetssikra og standardiserte, noko som gjer det lett å utveksle informasjon mellom kommunar, nødetatar, fylket og nasjonale aktørar.

Når det gjeld kritisk infrastruktur har Vestland mellom anna fleire e-verk enn mange andre fylke. Både FKB, Matrikkel og DOK data er viktig for desse. Følgande kartgrunnlag er spesielt viktig for beredskap og sikkerheit:

- Geometri og fullstendighet for FKB master. (Intern kvalitetsheving av nettdata og rapportering til NRL).
- Geometri og fullstendighet på vann, elver og bekker i FKB-Vann. (Planlegging av nye anlegg med tanke på naturpåvirkning, forurensing og naturregnskap etc.)
- Betre konsistens og samanhengande nettverk i datasett NVDBVegnettPluss, FKB Veg og FKB-TraktorvegSti. (Tilkomst til anlegg).
- Registrering av bommer for vei/traktorvei. (Vise fremkommelighet ved beredskapssituasjoner, tilkomst til berørte anlegg).
- Bedre oppløsning av ortofoto og dekning av disse.
- Holde fram fokuset på heving av kvaliteten for lokale DOK-data. (Bruk til analyser for planlegging av arbeid. HMS og påvirkning av natur)
- Sømløs terrengmodell land – sjø (bedre grunnlag for planlegging av sjøkabler, naturpåvirkning)
- Oppdaterte høydedata, ajourføre og tette hull i NDH. (Beregning av mast/linje høyde til NRL, støy og frisisikts analyser etc.)

5.2 Klima, miljø og naturforvaltning (KMN)

Geodata er ein nøkkel til klimatilpassing og berekraftige lokalsamfunn. For å møte klimaendringane og skape eit robust og klimarobust samfunn, er det avgjerande å ha effektiv tilgang til oppdaterte og pålitelege geodata. Med ei betre forståing for kor og korleis klimaendringar påverkar samfunnet, står vi sterkare rusta til å planlegge, forebygge og iverksette nødvendige tiltak.

Geodata spiller ei sentral rolle i naturforvaltning og er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget på tvers av fagområde. Det gir oss oversikt over naturverdiar, arealbruk og endringar i landskapet over tid. Slike data er spesielt viktige i arbeidet med å bevare økosystem som myr, som har ein nøkkelfunksjon i karbonlagring, flaumdemping og biologisk mangfald. Bevaring av myr er derfor ikkje berre eit klimatiltak, men også eit bidrag til naturmangfald og økosystemtenester.

Klimatilpassing handlar i stor grad om å forstå risikoen for naturfarar som flaum, ras og havnivåstigning, og å integrere denne kunnskapen i arealplanlegging og beredskap. Geodata gir eit heilskapleg bilde av sårbarheit og fareområder, og bidrar til å identifisere kva tiltak som er nødvendige for å redusere konsekvensar av ekstremvær og langvarige klimaendringar.

Ved å bruke geodata aktivt kan vi utvikle løysingar som både tek i vare naturverdiar og styrker samfunnets motstandskraft. Dette gir oss høve til å balansere utvikling med bevaring – og sikrar ei meir berekraftig og klimarobust framtid.

Nasjonale hovudføringar

Geodata skal gi eit solid kunnskapsgrunnlag for heilskapleg naturforvaltning, overvaking og målretta klimatiltak.

Klima, miljø og naturforvaltning i Vestland

Vestland har komplekse og sårbare landskap med skredutsatte område, flomsoner og kyststrekningar som blir ramma av ekstremvær. Fylket bør styrkje samarbeidet om kartlegging av naturfare, inkludert bruk av sensordata, droner, satellittdata og automatiserte målesystem. Deling av oppdaterte risikodata vil gi raskare situasjonsforståing i akutte hendingar.

Norsk Klimaservicesenter har laga klimaprofilar over alle fylke. Ein klimaprofil gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar, til hjelp for planlegging som til dømes kommuneplanar, ROS-analysar, naturfarekartlegging og dimensjonering av sikringstiltak.

[Klimaprofil for Vestland fylke finn ein her:](#)

Det er mange data tilgjengeleg som kan nyttast effektivt til naturtilpassings-analyse. Arealrekneskap er eit døme på prosjekt eller samarbeid som set saman data på nye måtar. Mellom andre prosjekt er Vestforsk på nasjonal klimasårbarhetsanalyse.

FKB-vann er ferdig utarbeidd og dreneringslinjer er lagt inn for alle kommunar og er dermed heildekkande som ein del av samarbeidet i FGU. Vidare har FGU hatt eit fokus på å få etablert eit heildekkande datasett om dreneringslinjer.

AR5 er eit av samarbeidsprosjekta mellom partane som ein har lykkast med. Dette blir nytta av mange fagfelt, inkludert natur. Dette er mellom anna nytta som eit tidleg datagrunnlag for naturoversikt (spesielt myr).

Utfordringer framover er mellom anna lite tilgjengelege marine grunnkart, spesielt på økosystemnivå (bunnforhold, geologi). Framover ønskjer vi å få meir av hav/kyst kartlagt.

Fiskedirektoratet har og eit viktig samarbeidsprosjekt om naturtypar i hav etter instruks frå miljødirektoratet.

Ei anna utfordring er at laserdata-innsamling er krevjande på grunn av værtilhøve med meir. Gode høgdedata er særskild viktig for å kunne gjere gode analysar for klima- og naturfare. Heildekkande høgdemodell er tilgjengeleg i dag og den må oppdaterast kontinuerleg i tråd med lokale geovekstprosjekt.

Tilgjengeleggjing av nye nasjonale datasett (LAVDAS, Grunnkart, Naturkart, naturskog) er viktig å få distribuert ut til kommunar og andre brukarar. Det vil også vere behov for å rettleie ulike brukarar til kva data som er lurt å bruk (til dømes at ELVIS er betre å bruke enn FKB-vann). På grunn av betre tilgjengelege DOK-data ser vi nye mogelegheiter for å få fram kunnskapsgrunnlag som kan bidra til tiltak for klimatilpassing.

5.3 Kommune – og distriktsutvikling (KD)

Oppdaterte geodata er avgjerande for at kommunane skal kunne oppfylle lovkrav og reglar, samt sikre innbyggjarane sine rettigheter. Kommunane haustar store gevinstar, oppfyller lover og reglar, og sikrar innbyggjarane sine rettigheter og plikter ved å nytte seg av geografisk informasjon.

Geodata er eit viktig grunnlag i arbeidet med kommuneplanar, reguleringsplanar, byggesaker, konsekvensutredningar og risiko- og sårbarheitsanalysar. Særleg vert det nytta detaljerte kartgrunnlag, eigedomsinformasjon, flybilete og offentlege geodata. Innafor vann og avløp, eigedomsdrift og infrastrukturdrift er det også naturleg at geodata vert nytta, medan ein ofte ikkje tenker over at brann og redning, heimetenesta og undervisning også er naturlege brukarar.

Kommunane har eit stort ansvar innanfor forvaltning og handheving av lover og reglar. I mange tilfelle vil utøvinga av desse vere understøtta av geodata. Oppdaterte geodata bidrar til å sikre både innbyggjarane sine rettigheter og plikter, samt myndigheitene sine krav i ulike prosesser.

Stadig fleire nye fagområde tar i bruk og nyttar geodata i sitt virke. Bruken av oppdaterte og tilgjengelege geodata, eit felles kunnskapsgrunnlag, gir grunnlag for gode avgjerder som sikrar både innbyggjarar og kommunar i alle prosesser.

Oppdaterte geodata er avgjerande for å sikre god by- og distriktsutvikling og målretta offentlig innsats. Geografisk informasjon gir eit solid avgjerdsgrunnlag for kommunar, fylkeskommunar og statlege aktørar som arbeider med utvikling i byane og i distrikta. Når ein skal vurdere busetting, næringsutvikling, transport, naturressursar og infrastruktur, er det heilt nødvendig å ha tilgang til kvalitetssikra og oppdaterte geodata.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal understøtte berekraftig samfunns- og arealplanlegging, god tenesteyting og styrka avgjerdsstøtte i kommunane. Kommunane skal sørge for kompetanse, kapasitet og ressursar til lokal dataforvaltning.

Kommune- og distriktsutvikling i Vestland

For dei komande fire åra bør samarbeidsaktørane i Vestland fylke prioritere høg kvalitet, god tilgjenge og regelmessig oppdatering av geodata som grunnlag for berekraftig samfunns- og arealplanlegging, tenesteutvikling og avgjerdsstøtte.

Vestland er eit fylke med store geografiske variasjonar og mange distriktskommunar, og det gjer behovet for presise, pålitelege og delte geodata endå viktigare. Samarbeidspartane bør difor prioritere kompetanseheving i kommunane, utvikling av robuste system for lokal dataforvaltning og sterkare integrasjon mellom geodata og fagområde som planlegging, beredskap, transport, infrastruktur, naturforvaltning og helse- og omsorgstenester. Vidare bør fylket vere ein aktiv pådrivar for felles løysingar, standardiserte arbeidsprosessar og betre datadeling mellom kommunar, fylkeskommune og statlege etatar. På denne måten kan geodataarbeidet i Vestland ikkje berre støtte opp under nasjonale føringer, men òg drive fram god by- og distriktsutvikling, meir treffsikker offentlig innsats og betre rettstryggleik for innbyggjarane.

Eit konkret døme på dette er kvalitetsheving av matrikkelen, der arbeidet med å rette opp feil og manglar må førast vidare. Kartverket produserer jamleg arbeidslister som støtte til den lokale matrikkelstyresmakta sitt arbeid for å auke fullstendigheit og kvalitet i matrikkelen. [På kartverket.no er det utarbeidd ein rettleiar](https://kartverket.no/er-det-utarbeidd-ein-rettleiar) som skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å heve kvaliteten i

matrikkelen på ein einsarta måte. Når det gjeld grenser, er det verdt å merke seg at kommunane framleis har innbyggjarar som sit på kunnskap om kva grensene i kartet betyr, og dette bør ein nytte før det er for seint.

5.4 Samferdsel (S)

Nøyaktige og oppdaterte geodata er avgjerande for utvikling av veg og jernbane, til sjøs og i lufta. Nøyaktig informasjon om terreng, høgde, djupe, luftfartshinder og risikoområder gjer det mogleg å planlegge utbygging og samtidig forebygge ulykker, og å handtere naturhendingar som skred og flaum.

Verdien av å finne fram er lett å sjå, sett frå blålysetatane sitt perspektiv, men like viktig er verdien for innbyggjarar og transportørar som og ønsker å optimalisere transporten.

Nasjonale hovudføringar

Geodata skal bidra til planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av trygg og berekraftig infrastruktur, som transport, straum, elektronisk kommunikasjon, renovasjon og vann og avløp, som sikrar busetjing og næringsutvikling i landet.

Samferdsel i Vestland

For å sikre eit påliteleg og navigerbart vegnett i Vestland fylke er det nødvendig å koordinere og kvalitetssikre dei ulike samferdselsdata-setta. Første steg er å rette opp overlapp, manglar og inkonsistensar mellom NVDBVegnettPluss, FKB-veg og FKB-TraktorvegSti slik at dei til saman dannar eit heilskapleg og samanhengande nettverk. Der vegar går gjennom/under hus eller over parkeringsplassar må også topologien sikrast slik at det blir gjennomgåande navigerbart.

I dette arbeidet inngår òg å leggje inn konnekteringslenker mellom Elveg og TraktorvegSti før data blir overført til NVDB. Det er vidare viktig å betre kvaliteten på data som i dag har grov nøyaktigheit eller feil geometri, og å tette interne hol i datasetta (til dømes mellom Elveg og TraktorvegSti) der veglenker manglar eller ikkje heng saman. For enkelte strekningar kan det vere aktuelt å vurdere om dei skal inngå som beredskapsvegar, noko som krev at kvalitet og topologi blir oppdatert.

Ein bør også få klarare rutinar for ajourhald, både ved nykartlegging og ved dataflyt frå anlegg der fleire aktørar er involvert. Forvaltninga av objekt som finst både i FKB og NVDB må avklarast, til dømes stikkrenner. Dette må sjåast i lys av krav i Veg- og trafikkdataforskrifta og FDV-avtalane. Eit døme er stikkrenner og kulvert, der betre koplingar eller automatisk flyt frå NVDB til FKB vil styrke både beredskap og framkomelegheit. Ein bør også koble aktuelle temadata med Elveg, som til dømes raspunkt frå NVE.

Det er også viktig å utnytte moglegheitene for assosiasjonar mellom FKB og NVDB slik at brukarar får eit meir heilskapleg og oppdatert datagrunnlag. Målet er at arbeidet skal sikre rask og samordna ajourføring, betre kvalitet og større konsistens mellom datasetta som samferdselssektoren er avhengig av. For å sikre helhet er det også viktig at arbeid med vegadresser og atkomstpunkt sjåast i sammenheng med dei andre samferdselstemaai.

5.5 Innovasjon og næringsutvikling (IN)

Geografiske data bidrar nasjonalt til ei samla verdiskaping for privat næringsliv som er estimert til 13 milliardar kroner årleg, ifølgje en rapport Menon Economics utarbeide for Kartverket i 2023.

Bransjen har betydelege høve til å utvikle nye innovative brukarløysingar og forretning der geodata er ein viktig komponent.

Det offentlege Noreg har ei stor mengde geodata som forvaltaast og delast frå nasjonale fellesløysingar for vidare bruk og innovasjon i næringslivet. Å omarbeide eller kople offentlege data med data frå private kjelder, kan bidra til betre tenester, ny innsikt og andre verdiskapande aktivitetar og produkt. For offentlig sektor er det avgjerande med eit godt samspel og god samhandling med privat næringsliv for å lage samfunnsnyttige løysingar som Noreg treng. Privat næringsliv skapar verdiar gjennom innsamling, forvaltning og formidling av geografiske data. Dei aukar verdien av og utviklar produkt og tenester som har ein klar knytning til eller bygger direkte på dei geodata dei brukar.

Eit ledd i innovasjon og næringsutvikling er forskning og utvikling. Å stille gode data til rådighet i forskning og utvikling bidrar til auka verdiskaping både i offentlig og privat sektor. Akademia er ei viktig kjelde til nyskaping og innovasjon.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal stimulere innovasjon og verdiskaping gjennom effektiv tilgang til data og einskapelege løysingar, slik at ein legg til rette for nye tenester og datadrivne produkt. Det må sikrast at forvaltninga har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse slik at data er tilgjengeleg for næringslivet.

Innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke byggjer på tett samhandling mellom offentlig sektor, næringsliv, akademia og teknologimiljø. Eit døme er innan sjødata, der betre oversikt over lokale interessentar og sterkare involvering av hamner og industrimiljø kan opne for nye tenester og felles prosjekt.

Ei utfordring er mangel på geodatafagleg kompetanse både offentlig og privat. Dette gjer det nødvendig å vere meir synleg i utdanningssektoren gjennom sommarjobbar, oppgåvetema og samarbeid om forskning. Samarbeidspartane i Vestland fylke bør aktivt søkje FoU-miljø og stimulere til bruk av nye datakjelder som satellittdata, 16-bits bilete og moderne analyseverktøy, og samstundes etablere pilotprosjekt i samarbeid med næringslivet. Rask datafangst med dronar, deling av erfaring og kartlegging av tilbydarar kan styrke innovasjonen ytterlegare.

For å sikre kvalitet må databasar med fastmerke og kjentpunkt haldast løpande oppdaterte, og arbeidet med å heve datakvaliteten i grunnkart og FKB-bygg krev både ny teknologi og samarbeid med dronemiljø, skular og FoU-institusjonar. Betre bruk av matrikkelen til å avdekke endringar og utforsking av nye metodar for kontinuerleg datainnsamling kan gi store gevinstar.

Samstundes treng fylket moderne og samordna kartløysingar for krisehandtering som gjev eit felles situasjonsbilete. Vestland fylke bør difor medverke til å utvikle og implementere digitale kartløysingar som fleire aktørar kan nytte samtidig, i planlegging, i operativt arbeid og i etterkant for læring og evaluering. Desse løysingane bør støtte sporing av ressursar, loggføring, visualisering av risiko og integrasjon av sanntidsdata.

Vestland har sterke fagmiljø innan både teknologi og naturfare. Eit aktivt samarbeid med universitet, forskingsinstitutt, næringslivet og innovasjonsmiljø når det gjeld beredskap vil bidra til betre løysingar for partane i fylket.

Ei meir moderne GIS-kvardag krev kompetanseutvikling, meir automasjon, tenestebaserte data og system som er både brukarvennlege og enkle å vedlikehalde. For å tiltrekke oss ny arbeidskraft må vi vise fram spennande teknologi og meningsfulle oppgåver som gjer fagfeltet attraktivt. Alt dette støttar dei overordna geodatastrategiane og vil bidra til betre datagrunnlag, meir relevant forskning og meir tverrfaglegheit. Særleg blir gode FKB-data avgjerande når kommunane tek i bruk 3D-modellar i planlegging og byggjesak, der manglar kjem tydelegare fram. Oppdaterte høgdedata over tid vil dessutan vere nyttige både for klima- og naturforvaltning og til dømes for å avdekke ulovlege terrenginngrep.

6. Hovudmål for Noreg digitalt- og Geovekst – samarbeidet i fylket

Oversikt over hovudmåla i Vestland den komande 4-års-perioden, i uprioritert rekkefølge. Måla ligg og i handlingsplanen, og der er det gjort ei viss prioritering mellom dei. Samstundes skjer mykje arbeid parallelt, både innan den enkelte part og mellom ulike samarbeidspartar. Ein må difor sjå heilskapen i hovudmåla for geodataarbeidet i fylket.

Samfunnsområde

NR	Hovudmål	SB	KN	KD	S	IN
1	Syte for oppdaterte høgdedata, til nytte for klimatilpassing, beredskap og planarbeid	x	x	x	x	
2	Fokus på vatn, inkludert risikopunkt flaum. Det lokale arbeidet med vatn støttar opp om den nasjonale satsinga Blåstrukturkart	x	x			
3	Syte for oppdaterte kart- og registerdata, som gjer grunnlag for planlegging og for vurdering av tiltak i ein naudsituasjon	x		x		x
4	Fortsetje etablering og forbetring av basisdata ut frå partane sine behov ved samfinansiering av felles datagrunnlag. Dette byggjer opp under nasjonale tiltak om detaljerte grunnkart (FKB) for framtida	x	x	x	x	x
5	Avtalefesta, forpliktande vedlikehald og periodisk ajourføring av datagrunnlaget skal gjennomførast	x	x	x	x	x
6	Halde fram fokuset på lokale DOK-data. Dette byggjer opp under nasjonale mål om auka kvalitet på det offentlege kartgrunnlaget	x	x	x		
7	Prioritere kvalitetsheving av matrikkelen for å ta vare på samfunnsprosessar og brukarbehov	x		x		x
8	Støtte satsing på marine grunnkart, som er eit svært viktig forvaltingsverktøy for kystområda våre		x	x		x

Delmål under hovudmåla

Hovudmål 1, Syte for oppdaterte høgdedata, til nytte for klimatilpassing, beredskap og planarbeid:

Delmål 1: Ajourføre Nasjonal Detaljert Høgdemodell (NDH)

- Status: NDH er fullført i 2022 og heile Vestland fylke har no gode høgdedata. Terrengendringar vil på sikt gi trong for oppdaterte høgdedata
- Tiltak: Samle inn oppdaterte høgdedata i samband med Geovekst – prosjekt, i hovudsak ved laserskanning.
- Ansvar: Geovekst

Delmål 2: Arbeide for sentral finansiering til vidareføring av NDH

- Status: Dei mest skredutsette kommunane vart skanna med lokal finansiering før NDH kom i gang i 2016. Dette er data som no er 8-13 år gamle, og spesielt under marin grense er det nyttig å skanne på nytt (samanlikne datasett)
- Tiltak: Spele inn behovet for sentral finansiering til Geovekst-forum, med prioritering av skredutsette kommunar som tidlegare ikkje har fått finansiering gjennom NDH
- Ansvar: Fylkesgeodatautvalet

Hovudmål 2, Fokus på vann, inkludert risikopunkt flaum

Delmål 1: Innmåling av stikkrenner

- Status: Mange stikkrenner er ikkje registrert i kartgrunnlaget. Det trengs ei tilgjengeleg oversikt over stikkrenner
- Tiltak: Søke støtte frå NVE. Måle inn og registrere stikkrenner til NVDB etter feltinstruks
- Ansvar: Kommunane

Hovudmål 3, Syte for oppdaterte kart- og registerdata som gjer grunnlag for planlegging og for vurdering av tiltak i ein naudsituasjon

Delmål 1: Ajourføre ELVEG 2.0

- Status: Vegnett er eit viktig datasett for utrykningskjøretøy, men det vil alltid vere etterslep som må følgjast opp
- Tiltak: Oppfordre kommunane til å ajourføre Vegnett når dei får nye bustadfelt og vegadresser
- Ansvar: Kartverket/kommunane

Delmål 2: Forbetre datagrunnlaget for overvaking av havnivå, utarbeiding av tidevasstabellar, byggelinjer knytt til stormflo, med meir

- Status: Det er etablert nye vasstandsmålare i Sunnhordland, Hardanger og ytre del av Sognefjorden. Ei målar i indre Sognefjord er under planlegging. Innsynsløysingar er oppdaterte med tilnærma sanntidsdata, og innhaldet er tilgjengeleg for alle
- Tiltak: Få på plass ei ny vasstandsmålar i indre del av Sognefjorden. Det er også ynskje om ei målar i Nordfjord
- Ansvar: Kartverket, i samarbeid med lokale partar

Hovudmål 4, Fortsetje etablering og forbetring av basisdata ut frå partane sine behov ved samfinansiering av felles datagrunnlag

Delmål 1: Forbetre data i FKB-C og FKB-D-områder

- Status: Ein del kyst og fjellområde har FKB-C og FKB-D data av mindre god kvalitet
- Tiltak: Bruke 2. omdrev med 25 cm omløpsfoto som grunnlag for å konstruere FKB-C i områder med mindre gode data
- Ansvar: Geovekst

Delmål 2: Betre konsistens og samanhengande nettverk i datasetta NVDBVegnettPluss, FKB-Veg og FKB-TraktorvegSti

- Status: Variabel konsistens og samanheng mellom datasetta
- Tiltak: Bestille oppgradering med konsekvensretting mellom datasetta FKB-Vegnett, FKB-Veg og FKB-TraktorvegSti i Geovekst-prosjekt og i FDV- arbeidet
- Ansvar: Geovekst/Kartverket

Delmål 3: Betre geometri og samanheng i datasettet FKB-TraktorvegSti

- Status: Alle data har fått påført høgde. Kvalitet og samanheng i data er mindre god i fleire områder. Data frå turrutebasen vert fortløpande lagt inn
- Tiltak: Bruke stidata frå Tur- og friluftsruter og Rett i kartet, samt omløpsbilder for å styrke datasettet. Påføre høgde frå laserdata på alle nye objekt frå turrutebasen. Vurdere forbedring av stidatasett ifm. Geovekstprosjekt
- Ansvar: Geovekst/Kartverket

Hovudmål 5, Avtalefesta, forpliktande vedlikehald og periodisk ajourføring av datagrunnlaget skal gjennomførast

Delmål 1: Partane i fylket gjer kontinuerleg ajourhald av utvalde datasett som bygg, tiltak, ferdigvegsdata, med meir

- Status: Fleire kommunar har ikkje kapasitet til å rydde i desse datasetta
- Tiltak: Veiledning og tett oppfølging, eventuelt samarbeid med andre kommunar med meir ressursar
- Ansvar: Kommunane/Kartverket/alle partar

Delmål 2: Ajourhalde AR5

- Status: AR5 kartgrunnlag har varierende alder
- Tiltak: Ajourføre AR5 etter gjeldande kartleggingsplan
- Ansvar: Geovekst/ NIBIO/Kommunar

Hovudmål 6, Halde fram fokuset på lokale DOK-data. Dette byggjer opp under nasjonale mål om auka kvalitet på det offentlege kartgrunnlaget

Delmål 1: Lokale DOK-data i kommunane bør veljast som DOK-tilleggsdata i Geonorge

- Status: berre 3 av kommunane i Vestland har valt DOK-tilleggsdata i Geonorge
- Tiltak: oppmode kommunane om å få oversikt over eigne lokale DOK-data, registrere desse i Geonorge og velje desse som DOK-tilleggsdata
- Ansvar: kommunane i samarbeid med Plan- og temadatautvala

Hovudmål 7, Prioritere kvalitetsheving av matrikkelen for å ta vare på samfunnsprosessar og brukarbehov

Delmål 1: Ferdigstilte bygningar skal ha ein ferdigstillingsstatus i matrikkelen

- Status: Mange bustader og fritidsbustader eldre enn 3 år er ikkje gitt ferdigstilling status i matrikkelen.
- Tiltak: Ferdigstilte bustader og fritidsbustader skal ha ein ferdigstillingsstatus i matrikkelen
- Ansvar: Kommunen

Delmål 2: Lovpålagde datafelt for areal i bygningar blir fylte ut på bygningar

- Status: Nokre bustader og fritidsbustader frå 1.jan 2010 manglar bruksareal(BRA). BRA skal først på brukseining og etasje.
- Tiltak: Bygningar med eit utval bustadkoder skal ha bruksareal. Bruksareal (BRA) skal først på brukseining og etasje
- Ansvar: Kommunen

Delmål 3: Bygningskode og brukseiningstype skal først konsistent

- Status: I mange tilfelle er bustader eller fritidsbustader registrerte berre med brukseiningstype unummerert brukseining (U)
- Tiltak:
 - Bygningar med kode 161 fritidsbygning skal minimum ha éi brukseining av typen fritidsbustad
 - Brukseiningar til bustadformål skal vere registrerte med type bustad.
- Ansvar: Kommunen

Delmål 4: Matrikkeleiningane grunneigedom, fest grunn og jordsameige skal ha teig. Fokus på bustad og fritidsbustad i 2026

- Status: Det er framleis bustader og fritidsbustader som er knytt til matrikkeleiningar som ikkje har teig
- Tiltak: Matrikkeleining med bygning med kode bustad og fritidsbustad har teig
- Ansvar: Kommunen

Delmål 5: Matrikkeleiningane sine teigar er avgrensa med eigdomsgrenser (eventuelt hjelpelinjer) og utan bruk av fiktive linjer. Fokus på bustad og fritidsbustad i 2026

- Status: Det er mange bustader og fritidsbustader som er knytte til matrikkeleiningar med berre fiktive grenser
- Tiltak: Teigane til matrikkeleiningane er avgrensa med eigdomsgrenser (eventuelt hjelpelinje veg- eller vasskant)
- Ansvar: Kommunen

Delmål 6: Alle kommunar i Vestland har 100% vegadresser, og alle har gjennomført førstegongsregistrering av tilkomspunkt for aktuelle adresser

- Status: I Vestland fylke er det 98,39 % vegadresser. 35 av 43 kommunar har over 95 % vegadresser. 36 av 43 kommunar har registrert minst eit tilkomspunkt.
- Tiltak: Endre matrikkeladresser til vegadresser og tildela alle nye adresser som vegadresse. Tilkomspunkt blir oppretta der adressepunktet ikkje definerer tilkomsten på ein klar og eintydig måte.
- Ansvar: Kommunen

Hovudmål 8, Støtte satsing på marine grunnkart, som er eit svært viktig forvaltingsverktøy for kystområda våre

Delmål 1: Full dekning av kystkontur i god kvalitet

- Status: Ein manglar kystkontur i god kvalitet i nokre områder
- Tiltak: Inkludere kystkontur ved å ta med nes, øyar, holmar og skjær i områdeavgrensingane for FKB-B og FKB- C i Geovekst-prosjekta
- Ansvar: Geovekst

Delmål 2: Betre dekning av djupnedata målt med multistråle ekkolodd

- Status: Ein manglar djupnedata målt med multistråle ekkolodd i ein del sjøområde i fylket. Multistråledata gir grunnlag for å lage gode sjøkart og marine grunnkart
- Tiltak: Fortsette å melde inn ønske om betre dekning av multistråle djupnedata utført av sertifisert sjømålingsfirma til Geovekst sentralt/Geovekst-forum. Undersøke mogelegheiter for etablering av marine grunnkart i fleire kommunar i fylket. Påverke agendaen og drive spørsmålet på statlege leiarmøte
- Ansvar: Kartverket

7. Geovekst kartleggingsplan

Kartleggingsplanen for Vestland er ei historisk og framtidsretta oversikt over dei ulike prosjekta, inkludert kva type kartlegging som har vore gjennomført og som planleggjast.